



DESEMBERGÅVA

av Linn T. Sunne

NYNORSKSENTERET

KAPITTEL 1 – HELIN

*Ei stjerne skin i mørke desember
ho gir lys i våre inste rom*

Helin ser seg overraska rundt i klasserommet. Ho kjem som vanleg to minutt før skuledagen startar, og då er det alltid fullt kaos. Men i dag er det halvmørkt, levande lys, og på smarttavla fell snøen mjukt over eit roleg, blåkvitt landskap. Dette er seriøs julestemning! At det faktisk regnar og blæs der ute i morgonmørkeret, kan ikkje merkast inne i klasserommet. Men så klart, det er jo første desember i dag. Ho burde hugsa det, både ho og storesøster Jenny har fått kalendergåver, nye hårstrikkar.

Julesongen overdøyver nesten dei tjue andre i klasserommet. Kva har Tor fått føre seg no? At dei skal bli ein koseklasse, syngje julesongar og slutte å bråke og plage kvarandre? Han kan drøyme.

Tor skrur julemusikken ned, og ja, det har han visst tenkt.

– Velkomen til advent her på Fossegrimen skule.
– Kva skjer? spør Bjørk. Ho er den beste i heile klassen. Kan seie kva som helst, gjer det også, går i svarte klede og har berre fargar på naglelakk og hår. Denne veka er det grønt hår og rosa naglelakk. – Som eg sa, no er det advent, seier Tor med snillestemma. – Vi startar kvar dag med ei roleg og hyggeleg stund. Og vi skal ...

Døra opnar seg, og der kjem – som vanleg, fem over – nummer tjueto. Dennis. Han er den definitivt største dusten i klassen, og det seier ikkje lite.

– Då er vi alle, velkomen, seier Tor, og Dennis sig ned på stolen og slenger sekken hardt i golvet.
– No skal de høyre, i adventstida skal vi alle ha ein hemmeleg nisseven!
Tor gjer sitt beste, han gjer det. Kvar dag prøver han å få klassen til å vere greie, til å sjå opp frå skjermene, følge med, lære matte, norsk, fysikk og kjemi.
– Vi går ikkje på barneskulen lenger, seier Mo frå bakarst i klasserommet.
– Ikkje ver så redde for å vere barnslege. Jula er ei tid for å sleppe laus barnet i seg!
svarar Tor.
– Kva går nisseven-opplegget ut på, då? spør Mo.

Tor forklarar. Dei skal kjøpe gåver til kvarandre som dei skal få i adventstida.

– Og her kjem hemmeleg-delen inn. Eg har laga lappar, så trekker de namnet til nokon i klassen. De må ikkje seie til nokon kven som er den hemmelege venen! De skal gi ei lita gåve, og kanskje gjere andre hyggelege ting for den hemmelege venen også?

– Så teit! roper Vega.
– Nei, då, det blir fint, seier Tor. – Og det treng ikkje vere dyre gåver. Det kan vere eit gåvekort på ein gåtur eller ein kortstokk, eller ... eller ...
Han leiter etter orda, men finn dei ikkje. Helin ventar på ein stor latter eller mange protestar, men det kjem ikkje.

*Ei stjerne skin i mørke desember
ho gir lys i våre inste rom*

tonar ut i klasserommet, som er merkeleg roleg. Hemmeleg nisseven – kanskje det kan bli fint likevel? Helin har i alle fall eit håp og eit ønske.

Strofene i julesongen er henta frå «Stjerna i desember» av Gaute Øvereng.